



DET KONGELEGE
BARNE- OG FAMILIEDEPARTEMENT

KOPI

Fylkeskommunen i Hordaland
Postboks 7900
5020 BERGEN

Deres ref
199755793-8/46.T00/

Vår ref
00/01161 BHO

Dato
30.mars 2000

**FUNKSJONSHEMMA BARN OG UNGE – ANSVARDELING MELLOM
KOMMUNE OG FYLKESKOMMUNE**

Vi viser til Dykkar brev av 16. februar 2000, som gjeld ansvarsdeling mellom kommune og fylkeskommune for funksjonshemma barn.

Barnevernlova gjeld for alle barn. Funksjonshemma barn har like stor rett til tiltak etter barnevernlova som funksjonsfriske har når vilkåra etter lova er til stades.

Hjelpebehov som er knytt til funksjonshemming, kan ikkje aleine utløyse tiltak etter barnevernlova. Det må vera andre forhold til stades, til dømes svikt i forelda sine omsorgsevner eller barnet si eiga åtferd. Det kan ikkje seiast å vere svikt i forelda sine omsorgsevner når foreldra ikkje strekk til fordi barnet sitt hjelpebehov på grunn av funksjonshemming er større enn den innsats ein kan vente av foreldre. Dersom vilkåra i barnevernlova ikkje er oppfylt, har verken kommunen eller fylkeskommunen eit ansvar etter barnevernlova. Kommunen har etter sosialtenestelova og kommunehelsetenestelova eit særskilt ansvar for tilbod til funksjonshemma.

Det følgjer av barnevernlova § 9-4 og retningslinjene om betalingsordningar i barnevernet at fylkeskommunen skal dekkje den delen av utgiftene til kommunen som overstiger det kommunen plikter å betale når barn blir plassert i fosterheim eller institusjon med heimel i barnevernlova § 4-4 femte ledd. Departementet vil likevel understreke at lova si ansvarsdeling ikkje inneber at kommunen einsidig kan påføre fylkeskommunen utgifter. Departementet har lagt til grunn at det må vere avtalt mellom kommunen og fylkeskommunen på førehand, om fylkeskommunen skal bli ansvarleg for utgifter til tiltak etter § 4-4 femte ledd.

Regelverket løyser ikkje usemje mellom kommunar og fylkeskommunar om kva som er rette heimel for eit konkret tiltak. Departementet eller fylkesmannen kan difor ikkje gi pålegg om korleis ein skal løyse usemje mellom partane når det gjeld dette spørsmålet. Det går derimot

Postadresse
Postboks 8036 Dep
0030 Oslo

Kontoradresse
Akersgt. 59

Telefon - sentralbord
22 24 90 90 / 22 24 26 01
Org. nr.:
972 417 793

Barne-og ungdomsavdelinga
Telefaks:
22 24 27 19

Saksbehandler
Beate Holter
22 24 26 27

fram av barnevernlova § 2-3 tredje ledd bokstav a at fylkesmannen skal gje kommunar og fylkeskommunar råd og rettleiing.

Med helsing

Kari Ofstad

Kari Ofstad (e. f.)

Beate Holter
Beate Holter